

Emnenr. 24

Fylke: Sogn og Fjordane fylke

Tilleggsspørsmål nr.

Herad: Gulen

Emne: Måltider og mat.

Bygdelag: Dalsøyra

Oppskr. av: Ivar Kleiva

Gard: Dalsøyra

(adresse): Dalsøyra

G.nr.

Br.nr.

A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle. Ikkje sjølvroynt.

B. Eller om den er etter andre heimelsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke):

Fortalt av gardbr. Jon Kjellevold, 86 år gamal. Dalsøyra

SVAR

1. Miljøet er vanleg bondemiljø. I dei seinare åra har dette vorti nokså mykje oppblanda med skikkar utanfrå, avdi mest alle vaksne karar har vori meir eller mindre av tida si på arbeid i byane eller på anleggsarbeid.
Før i tida var det jamt 6 matmål om sumaren og 4 om vinteren. No er det 4 mål både sumar og vinter.
2. Måltida heitte: 1. mårabisk, 2. frukost, 3. middag, 4. nonsmat, 5. kveldbisk, 6. kvelds.
Mårabisken fekk ein i 6-tida, frukost klokka 9, middag klokka 12, nonsmat i 4-tida, kveldbisk i 7-tida, og kveldsmaten i 9-10-tida.
3. Om vinteren var det frukost i 8-tida, middag kl. 12, non 4, og kveldsmat klokka 8.
4. Ein hadde jamt eit ekstra mål utpå natta når ein bryggja eller baka flatbrød, og oftast når ein treskte. Når ein baka flatbrød skulle ein jamt få steikt kurv og nybaka flatbrød til dette nattmåltidet. Når ein bryggja skulle ein ha griseribbe utpå natta, og treskjarane fekk kjøt og flesk til kveldbisk.
5. Middagen vart alltid halden for hovudmåltidet.
6. Middagen og kveldsmaten var jamt varm mat.
7. Laurdagskvelden skulle det vera fisk og poteter med smør til. Sundag og torsdag var det jamnast kjøt til middag, men elles var det ingen fast regel.
8. Det var ingen skilnad på vinter og sumar i denne skipnaden.
9. Kjøt hadde ein sjeldan meir enn to gonger i veka - sundag og torsdag. Dei andre dagane gjekk det på fisk og sild.
10. Flatbrød vart brukt til mest alle mål. Til fisk og spekekjøt brukte ein alltid flatbrød. Ein brukte også smør til, og det var sjølv sagt heimekinna. -flesk
11. Til frukost fekk ein sur mjølk, brim, og flatbrød, - til middag: poteter, sild eller fisk, flatbrød, - til nons: havregraut med surmjølk. Kveldsmaten var omlag som middagen. Matsetelen var omlag den same alle dagane i vika, så nær som sundag og torsdag. Då var det jamnast kjøt til middag.
Til kvelds var det elles ofte raspekaker.
Til biskane om sumaren fekk vi jamt flesk og flatbrød, stundom med surmjølk attåt.
12. No vert det kaffi og omnsbrød til mest alle mål så nær som middagen. Sume brukar elles te eller mjølk til kveldsmaten. No vert det og bruka mykje meir kjøt og flesk, og mindre sild og fisk til

2

middagsmat enn før i tida. Graut og flatbrød er gått mykje or bruk.

13. Rjomegraut må vel seiast å vera høgtidsmaten framom noko anna her i bygda.
14. Folk her et ikkje sopp. Makrellen er vel omtykt og kyllingar er så sjeldan vare her, at det er ikkje råd å svara på spørsmålet. Dei som har ein hanekjukling å slakta, kastar han vel ikkje på dungen, men et han opp, - tenkjer eg.
15. Kaffitilsetjing er vanleg bruka enno. Matstellet elles er omlag som før krigen, men folk kjøper visst meir sjokolade og anna snop, og meir kjøpebrød enn dei gjorde før.

4840